



Verdsmeisteren er også ein god pedagog. Her er han i aksjon ifjor i sauefjøsset til Olav Hjetland Bringedal

**I fjor var verdsmeister i saueklypping Rodney Sutton frå sauelandet New Zealand i Uskedalen og heldt kurs. Laurdag 1. november kjem han att og frå klokka 10 vert det nytt kurs i sauefjøsset til Olav Hjetland Bringedal på Myklebust. Sutton er flink til å læra frå seg, var den erfaring dei 15 deltakarane gjorde ifjor. Påmelding skal skje innan onsdag 29. oktober til Hjetland Bringedal på 41 10 47 45.**

Kurset har Kvinnherad Sau og Geitalslag som arrangør og er ein del av prosjektet Ny Giv for sauehaldet i fylket. I tillegg til sjølve klyppinga lærer dei som kjem som elevar sortering, pakking og vurdering av ulla.

Kurset vert gjennomført på same måte som i fjor, men no har dei ein heil dag til rådighet slik at deltakarane får læra meir.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen